



# Bømlo kommune



## Kva kan eg gjere med trapper utanfor huset mitt?



For at bustaden din skal fungera for deg uansett alder og helse, er det nokre ting som visar seg å vera viktig: Trinnfri tilkomst og alle dei primære romma på ei flate, samt at badet er funksjonelt.

### **Her finn du tips til:**

- 1-2 trinn - Hev terregn rundt adkomst
- Ei halv trapp (3-8 trinn) - Støypt og steinlagt gangvei
- Ei halv trapp - veg for langt ned og trinn opp igjen til døra (2 døme)
- Ein etasje med trapp - Ny gangvei rundt bustaden
- Lage nytt innkomstparti

Me har alle eit ansvar for å ha ein bustad som er tilpassa vår livssituasjon og behov, og alle over 60 år bør tenke på kva som kan gjera sin bustad godt eigna til å bli gamal i. For bustad er eit privat ansvar.

## 1-2 trinn - Hev terreng rundt adkomst

**Før:** to trinn framføre døra



**Etter endring:**  
hev terrenget slik at trinna  
forsvinn.

Kan bruke same stein slik at  
det vert likt resten, ha god  
drenering framføre døra (rist).

Gir trinnfritt og heilsakleg  
inntrykk.



## Ei halv trapp - Støypt og steinlagt gangvei


**Før:** nokre trinn/halv trapp framføre døra



**Etter utbetring** - trinnfri tilkomst, fast dekke, samt ein flott sitteplass som gir ein reell oppgradering av tomta.  
Døra er senka slik at trinn er fjerna ved døra.



**Før:** 2 trinn + 1 trinn, glatt tremateriale, lite overbygg ved døra



**Efter:** stort overbygg og flott terrasse!

Sklisikkert materiale der det skrår + rekkverk



Mogleg verdiauke på bustaden

## Ei halv trapp -

**To døme: veg for langt ned og trinn opp igjen til døra**

**Før:** Veg går ned på tomta, og med trapper opp til ytterdør.



**Etter utbetring:** Fyll på masse slik at det vert flatt/terskelfritt frå vegen til dør, velg fast dekke på toppen (asfalt, stein ol.)




## Ein etasje med trapp - Ny vei rundt bustaden

**Før:** inngang i kjellar, innvendig trapp, alle primærrom i hovedetasjen. Det er behov for trinnfri adkomst til 2. etasje.

**Utfordring:** klarar ikkje gå i trapp.



**Etter utbetring:** gangveg rundt hus som er asfaltert og med rekksverk. Inngang bak huset, i hovedetasjen. Bilparkering framføre huset.



Gangstien



Ny inngang bak hus i 2.etg

## Nytt inngangsparti

**Før:** Oppkjørselen til huset startar nedst i vegen. Inngangsparti med trapp der høgdeforskjellen var cirka 160 cm.



**Etter:** bruker alternativ dør på sida av huset. Lage alternativ oppkjørsel som startar øvst i hovudvegen.



## 2 trinn - Lage ny innkomstparti

**Før:** Fleire trinn til inngang, høgdeforskjellen på 45 cm



**Etter:** Lage eit tilbygg med en ny trinnfri inngang, slik at alle rom er tilrettelagt. I dette tilfellet ble det gjort ombygging inne i tillegg til å lage et tilbygg.